



Sweco Norge As v/Yvonne Bruvik Stabak
Postboks 80 Skøyen
0212 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.

26/5313 - 4

Dato

01.07.2026

Saksnr.	Utval
70/26	Utval for kultur og næring

Løyve til ny avkjørsle - gbnr. 44/116 - Hangursvegen 33

Søknaden gjeld:

Etablering av ny avkjørsle i samband med oppføring av ny bustad gbnr 44/116. Det er søkt om 2 nye bueingar . Situasjonsplanen for tiltaket, datert 10.06.2026.



Planstatus:

Området er regulert til bustad i reguleringsplan for Ullestad. Det er ikkje regulert byggegrense i plankartet, så tiltak nærare veg enn 15 krev dispensasjon byggegrense veg. Dispensasjon for byggegrense veg skal behandlast etter PLB men med uttale frå vegmynde.

Tiltaket ligg tett på ein VA leidning – så tiltaket krev særskilt løyve knytt til dette frå VA avdelinga.

VURDERING AV SØKNADEN:

Søknaden er vurdert på bakgrunn av innsende teikningar/snitt, situasjonsplan og bilete.

Kv 1019 Hangursvegen er å rekne som tilkomstveg på staden. Fartsgrense på staden er 30 km/t. Det er ikkje eige tilbod for mjuke trafikantar i området med f.eks fortau.

Vegen er relativt rett og oversiktleg på staden. Mange i nabolaget nyttar vegen til parkering, så det kan vera uoversikteleg trafikkbilde – spesielt på vinterstid.

Tiltaket medfører ei fortetting av området då det ikkje er bustad på denne tomte i dag. Ein vil etter oppføring av bustad gå frå 0 til 2 bueiningar. Det vert sett som forutsening at det vert opparbeida tilstrekkeleg med parkeringsareal på tomte til 2 bueiningar då det allereie er utfordringar med gateparkering i området.

Ein legg til grunn at tiltaket ikkje fører større ulempe for drift, vedlikehald eller tryggleik på den kommunale vegen.

VEDTAK:

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Voss heradsstyre 26.01.2021, vert det gjort følgjande vedtak:

I medhald av §40 i veglova vert det gjeve løyve til ny avkøyrsla til gnr. 44 bnr. 116, Hangursvegen 33 i Voss herad, i samsvar med søknaden. Det vert gjort gjeldande følgjande vilkår og merknader:

1. Det vert sett som vilkår at avkøyrsla vert opparbeidd og halden ved like i samsvar med veglova og underliggjande regelverk, særleg gjeldande **retningslinjer for avkøyrslar til kommunal veg**, stadfesta av Voss kommune 19.05.2008. Det må sikrast tilstrekkeleg parkeringsareal på eigedommen til dei omsøkte bueiningane.
2. **Avkøyrsla må opparbeidast som Avkøyrslar type P med minst 20 m sikt til kvar side frå eit punkt 2 m inn i avkøyrsla.**
3. Det skal sytast for at vatn frå avkøyrsla ikkje vert ført inn på kommunal veg. Det skal leggjast eigna røyr, minst Ø 300 mm under avkøyrsla dersom avkøyrsla bryt grøft langs vegen. Røyrret skal ha like stor overdekning som diameter.
4. Dersom avkøyrsla vert opparbeida eller halden ved like i strid med veglova, underliggjande regelverk, eller vilkår etter dette vedtaket, kan kommunen krevje retting jf veglova §§ 42 og 43.
5. Tiltak, eller deler av tiltak, som vert etablert nærare kommunal veg (skulder) enn 3 m, må fundamenterast direkte på fjell eller minst 80 cm under vegplanum, slik at tiltaket ikkje får skadar ved evt masseutskifting av vegen
- 6.

7. Dette løyvet gjeld berre etter Veglova. Dei fleste tiltak krev i tillegg byggjeløyve etter Plan- og Bygningslova, ev. andre løyve frå røyr- og kabeleigarar, eller rettar grunneigarar osv.
8. Løyvet fell bort dersom arbeid med avkøyrsla ikkje er sett i gong innan 3 år etter det er gitt.
9. Før alle gravearbeid i eller nær (3 m) kommunal veg tar til skal det føreliggje graveløyve med tilhøyrande varslingsplan (skiltplan). <https://voss.herad.no/tenester/veg-vatn-og-avlop/veg/graving-og-arbeidsvarsling/>

KLAGE PÅ VEDTAK:

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. forvaltningslova § 29.

Med venleg helsing

Björg Lirhus Ree
Veg
Tlf:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg
Retningslinjer for avkøyrslar til kommunal veg_Voss herad